



Rili Eiendom As  
Rossnestvegen 71  
5937 BØVÅGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1104 - 15/2971

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:  
13.03.2015

## Byggesak Gbnr 45/429 Manger - 3 stk. 4-manns bustader - mellombels bruksløyve bygg 2- godkjenning

Delegasjonssak nr.: 075/2015

Ansvarleg søker/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette har dei stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med løyver og krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova og vedtak i saka datert 20.01.2013 og 25.06.2013. Ansvarleg søker/tiltakshavar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå og har identifisert attståande arbeider som følgjande:

1. Mindre utvendige arbeid.
2. Bygg 3 er ikkje oppført.

### VEDTAK:

**I medhald av delegasjonsreglementet i Radøy kommune og plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for deler tiltaket – bygg 2 på gnr. 45 bnr. 429 i Radøy kommune på følgjande vilkår:**

1. Mellombels bruksløyve gjeld fylgjande del av tiltaket: Bygg 2
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 13.03.2016.

KODE 10.2.8 Mellombels bruksløyve

**Kr. 2 700,-.**

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato, jf. gebyrregulativet.

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan

frist er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Bygningsstyresmakta vil følgje opp manglande ferdigstilling med pålegg og sanksjonar etter plan- og bygningslova kap. 32.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve (jf. pbl. § 20-1).

**Skildring:**

Adresse:	Langhøyane 13 A – seksjon 5 Langhøyane 13 B – seksjon 7 Langhøyane 13 C – seksjon 6 Langhøyane 13 D – seksjon 8
Bygningstiltak/bygningsnr.:	300399409
Bruksareal:	306
Avløp:	Offentleg
Vatn:	Offentleg

**Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. forvaltningslova § 27b.*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland

Hogne Askeland

leiar teknisk forvaltning

konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Rili Eiendom As

Rossnesvegen 71 5937

BØVÅGEN